

Lars S. Víkör: Språkpolitikk på fem kontinent

(Det Norske Samlaget 1977)

Språkhistorisk utsyn

4. Island: Historia ligg gjørt i språket
Av Helge Sandøy

Tungan geymir í tímans straumi
trú og vónir landsins sona,
dauðastunur og dýpstu rauñir,
darráðarjóð frá eltu þjóðum.

(Matthias Jochumsson 1835–1920
i diktet «Sílenz tunga» 1893)

Tunga geymer i tidastrauimen
trui og voni til landsins sónar,
daudescón og sárasr roynsc,
blodig strid frá dei eldste tider.

(«Det islandske tungemålet»,
til norsk ved Ivar Orgland i
Islandske gallaldendiki 1800–1930)

Kva plass språkspråkmåla har fått i politikken og kulturlivet, skiftar frå land til land og er avhengig av dei politiske tilhova. Få stader er det språklike medvitet sterkare enn blant islandingane, og sjeldan ser ein språket brukt som samanbindingsmiddel betre enn på Island.

Mange islandingar har vanskelig for å tenke seg at det fins det ein kan kalte dialektkjilje eller klassespråk i islandsk. Språket er symboler på einskapen i folket. Språket gir òg byrgeskap og kveik til sjolvhevdingsstrøngen ved at det drar linjene bakover i tida. Morsmålet ber med seg historia inn i nåtida. Dermed står islandskan også som symboler på einskapen i tid.

Kvifor og korleis har desse språkholdingane grodd så fast i det islandiske folket? Og kvifor er islandsk eit så særmerkt mål? Eg skal i denne artikkelen prøve å syne korleis språkspråksmalet knyter seg nært til den politiske historia til Island og spelar ei viktig rolle i samfunnet.

Kor sant er så bildet av språklig einskapskorleis ville det ta seg ut om ein moderne islanding brått møtte Egill Skallagrímsson og måtte snakke med honom? Når dei bare blei litt vane med kvarandre, skulle dei nok greie å gjøre seg forståelige for kvarandre. Ordflifangen har sjølv sagt endra seg med samfunnsutviklinga, nye ord er laga og gamle ord har fått ny tyding. Endringane i setningsbygnaden er trulig ikkje større enn at det ville verke som om Egill ordla seg svært høgtidlig. Dei mange bøyingsendingane er nær på dei same. Dei største problema vilst komme av dei svære lydutviklingane i vokalsystemet som har skjedd i islandskia landnåinstida.

For bare å få ein glott av lydendringane skal vi ta med noen døme frå vokalsystemet (uttalen er sjølv sagt bare tilnærma, – tyder lang uttale av vokalen, "stutt uttale"):

Skrift-	leyna	læna	lána	lana
målet:				
Norrøn (gammla- islandsk)	loyna	laona	lāna	lāna
uttale:				
Ny- islandsk	loyna	laona	lāna	lāna
uttale:				
	leina	loyna	laona	lāna
	(= gjømme)	(= gi lønn)	(= lāne)	(= sette høystakk)

Her ser vi at alle orda har fått endra uttalen. Men strekkane syner at det som har skjedd, liknar ei forskyving. Det kunne nok ha skapt litt forvirring og noen mistydingar med det same Egill livna opp att.

Men under alle desse lydovergangane er dei aller fleste

lydane blitt haldne frå kvarandre, dei har ikkje falle saman eller blitt blanda saman. Det gjør at dei same orda blir skilde frå kvarandre i nyislandsksom i norrønt, bare på ein annan måte. Dette er lyndommen bak at ein kan skrive norrønt og moderne islandsks med nær på same rettskrivinga. Men den dekker da over at uttales av bokstavane er ulik på dei to stadia, og den kan gi mange eit gale intrykk av språkutviklinga. Det gikk langt inn på 1800-talet før endatil språkvitskapsmennene forstod at uttales i norron tid var annles enn i moderne islandsk. Islandgane har nemlig alltid kunnna lese og forstå dei gamle bokene sine.

Samanlikna med dialektisklinadene her i Norge er uttale-motsnædene på Island små. Men med dei store lydutvik-lingane har det òg vaksne fram noen ulikskapar mellom landsdelane. Noen av dei kan vi enklast synne slik:

Skriftmålet: Hvað langaði stelpurnar í þann daginn?
Uttalen på
Nordvest-
Island: Kvāð langaði stélpudnar í þann dáiðinn?
Nord-
Island: Kváð laongaði stélpudnar í þann dáiðinn?
Sør-aust-
Island: Hvað laongaði stélpurnar í þann dáiðinn?
Sør-
Island: Hvað laongaði stélpudnar í þann dáiðinn?
Sør-vest-
Island Kváð laongaði stélpunar í þann dáiðinn?
(= Kva hadde jentene hug på den dagen?)
(Dei kursiverte bokstavane viser lydar som er ulike.)

Det fins ein del andre uttaleskilje òg, som vi skal oversjå her. Men vi må føye til at dette oversynet dekker over eitt særmerke for dialektaene på Island: ein finn aldri klare málforgrenser, og dei fleste stadene lever fleire uttale-variantar side om side. Derfor kan ein bare tale om at den

i det øg det området. Målføregranskingsa på Island bruker derfor statistikk for å syne utbreiinga av ymse uttalar.

Vi har her altså sett at dogmet om at islandsk språk har levde uendra, og at det er einskapslig for heile landet, ikkje held. Det må sterke etterhald til. Men samanlikna med den store språkutviklinga og målføreoppdelinga i Norge er det sjølvsagt ei viss samning i dogmet samtidig.

Kvifor få endringar og dialektkilje?

Det er blitt ståande mest som ei gáte at islandgane har kunna halde på målet sitt med så få endringar, mens grannemåla har utvikla seg så mye at moderne skandinavar har store vanskar med å lese det forfedrane for 700–800 år sia. Skreiv. To årsaker til den islandske konservatismen som ofte har vore nemnte, er samlingane på Alltinget kvar sommar og den utbreidde leseskunna gjennom alle hundreåra. Fram igjennom heile mellomalderen og inn i ny tid skreiv islandgane boker på morsmålet, og bokene blei spreidde i avskrifter. Det har vore vanlig å lese høgt or desse bokene. Desse opplesingane kan ha påverka den hoytidige forteljetilstien, men det er vanskelig å tru at dei kunne stagge ei språkutvikling som andre krefter dreiv fram.

Til Alltinget drog bare ein svært liten del av dei vaksne islandgane, og dei var der bare noen få dagar for heile året. At samtalane der skulle verke noe inn på språkutviklinga i landet, er ein helt urimelig påstand. Når desse to årsakene er dratt så sterkt fram, er nok det eit resultat av ei nasjonal-romantisk oppfatning av historia.

Å få ei full forståing av korleis ei språkutvikling skjer, og for den saks skuld kvifor den ikkje skjer, er uråd. Men eg skal nemme noen av dei særmerkte samfunnstilhova på Island som kan ha vore med og bestemt språkutviklinga og halde språket så konsernativt.

Ein del av forklaringa til mange endringar, t.d. i dei norske målfora, er påverknaden utafrå, t.d. frå grannebygda. Når ei endring først er oppstått ein stad, breier den seg ofte utover geografisk. Utbreiinga kan skje enten ved det vanlige sambandet mellom grannesanfunn eller ved at folk flyttar og tar med seg målføresmerke.

Iceland er eit isolert oysamfunn, som stort sett har vanta denne påverknadsfaktoren. Sambandet med grannelanda blei etter måten lite. Og det har heller aldri skjedd noen merkande immigrasjon av andre folkegrupper.

Samfunnsutviklinga på Island stod mest som still til 1800-talet. Landet var eit stabilt bondesamfunn, eit mellomaldersamfunn. Den tekniske utviklinga var svært lita, næringsslivet og reiskapskulturen var mest den same gjennom alle hundreåra. Verken byar eller handelssentra voks fram, og heller ingen industri. Det gjeld sjølv sagt smått etterhald på denne framstillinga. Men hovudpoenget er at utviklinga av kapitalismen på kontinentet påverka samfunnstilhova på Island svært lite.

Island vanta ikkje bare bysamfunn. Bondesamfunnet var heller ikkje inndelt i bygdelag slik som hos oss, heller ikkje i små landbyar, som på kontinentet eller i Danmark og Sverige. Det er mest ein bolte gardar som ligg langt frå kvarandre. Derfor er det garden som utgjor samfunnet for dei som veks opp, fordi sambandet med grannegardane blir så lite. I dei små gardssamfunna lærer dei unge språket av dei eldre. Målet til dei eldre dannar monstret, og dei har kontroll med det språket dei unge lærer seg. Derfor blir nyovringar kjøvde og kan vansklig breie seg. Språket blir heller ikkje noe middei til å uttrykke solidaritet med folk innafor eit geografisk avgrensa område, som bygda eller landsbyen. Landsbyopposisjonar blir det lite av med det spreidde busetnadsmønsteret. Når dessutan folk på garden ofte kom frå ulike landsdelar, voks dei ikkje fram isolerte tradisjonar.

Motsetnaden til dette finn vi i bysamfunn eller på tettstader. Der blir språket både eit geografisk kjennemerke

og eit generasjonskjennemerke. Ein uttrykker *solidaritet* gjennom språket. Dei unge i by eller grend lærer språket først og fremst av kameratflokkene, som dei kjenner seg knytte til. Derfor kan nyutviklingar lettare slå igjennom i språket til dei unge, og dermed gå inn i dialekten.

Fra den seinare tida på Island kjemmer ein øg til at målforedrag er formidla til nye landsdiciar gjennom tettgrender eller fiskevær. Kor viktig denne språksosiologiske faktoren er, ser vi lett om vi samanliknar med andre samfunn, t.d. isolert oysamfunn. Der er det etter måten store dialekt-skilnader, og ei av årsakene kan vere at busetnaden er samla i smågrender eller landsbyar.

Dette siste momentet kan hjelpe oss til å forstå både det konservative draget i islandsk språk og dei svært små dialektkilnaden. At språkutviklinga har vore så lik over heile Island, kan vi også forklare med at det innafor det islandske samfunnet har vore store «folkeflyttingar» trass i dei store avstandane og det vanskelige terrenget å ta seg fram i. Fra den eldste tida veit ein at hovudgångane flytta med folk sine rundt på hovudgardane sine, som kunne ligge svært sprett. Bondene var heller ikkje så bufaste av di islandingane aldri har hatt oddelsrett-systemet.

Island blei aldri noe foydalsamfunn med band på undersättane, som hindra dei å flytte. Folk kunne reise fritt. Dei mange som slo seg på hestehandel, drog rundt heile landet. Fiska langs kysten var sesongfiske. I sesongane reiste bondene langt av stad, og dei samla seg i fiskevær nær fangstfeltet. All denna ferdsla gjorde det lettare å slå seg ned på nye studer for å sette bu eller ta seg teneste. Det var vanlig å hente ektemaken frå andre landsdelar. At folk er fodde og oppvaksne ein stad, men slåt seg til for resten av livet på ein annan kant av landet, er derfor settet for det islandske samfunnet.

Dei samfunnstilhova vi her har vore inne på, kan seie oss noe om vilkåra for store eller småt forandringer i språket. Kvifor språket har store endringar nett i lydverket, mens

det er svært konservativt elles, kan vi t.d. ikke forklare på denne måten, og kanskje har vi heller ikke loyst endelig den store gåta om islandsk språkutvikling.

Den ubrotne tradisjonen

Reformasjonen blei eit vendepunkt i språkhistoria i mange land. Morsmålet blei nå tatt i bruk i Bibelen og i kyrkjelivet. I Norge og på Færøyane blei den nye kyrkjeskipaðen lagnadstung av di morsmålet stod politisk sett for svakt til å bli tatt i bruk. Danskene fikk eit grunnfeste i staden.

Islandingane folgte òg med Norge inn i danskeveldet, men dei lei ikkje same lagnaden under reformasjonen. På Island var den littærre tradisjonen sterk p.g.a. sambandet mellom verdslege hovdingar og geistlige. Det var hovdingane, storbøndene, som åtte kyrkjene og tilsette prestane. Dermed kunne økonomisk overskott og boklig lardom sameinas. Islandingane kom derfor stadig til å lage boker på morsmålet, og det blei naturlig å omsette Bibelen til islandsk. Sætis var det islandske skriftmålet sikra ein samanhengande tradisjon. Den siste katolske bispen, Jón Arason, hadde skaffa eit prenteverk til Island i 1530-åra, over hundre år før Norge fikk noe. På det trykte biskop Guðbrandur Þorlaksson bibelonsettinga i 1584. På dette prenteverket kom det òg ut ei mengd andre boker i åra frametter, mest religiøse sjølvsagt. Dermed fikk bokkulturen eit enda betre feste blant islandingane.

Jamvel om Island var ein fatig nasjon, hadde det alltid ein intellektuell elite. Landet hadde skular sjølv, og etter reformasjonen reiste dei fremste til København for å studere. Dei følgde alltid med i europeisk åndsliv.

Humanismen, som følgde i føtesara på reformasjonen, hadde klassiske ideal. Dei færde henta derfor mye inspirasjon frå den gamle romerske kulturen. For islandingane låg det nærmere å leite attover i sin eigen sterke tradisjon. Dermed

får vi dei første vitnemåla om korleis språket gir menneska byrgskap, fordi språket kan synge det nære sambandet med ein «gullalder» i historia, sambandet med forfedrane.

Denne byrgskapen var det som dreiv *Angrimur Íverði* (1568–1648) til å arbeide ivrig for å reise ut att dei mange innlænte glosene reformasjonsskriftane hadde lagt seg til å bruke i dei religiøse skriftene. Han blei den første som argumenterte for ei *hreinungustefna* (målreinsningsorsle), og han slo fast det dogmet som lenge rådde, at islandsk og norrønt var eitt og same språket.

Stolt av morsmålet sitt var *Jón Ólafsson* òg, som kring 1730 heldt ein tale i København der han rosa islandskan for å vere det eldste levande kulturmålet i Europa. Ordtydingane var klårare i islandsk enn i noe anna språk, og islandskken hadde halde frå kvarandre dei orda andre mål hadde blanda saman!

Det blei laga fleire ordboksmanus i denne tida. Det synar at dei lærde hadde fått stor interesse for det islandiske målet. Men denne interessa hadde ingen stor innverknad på samfunnslivet, den var avgrensa til dei intellektuelle krinsane.

Utlandsk påverkanad

Det islandske ordtilfanget levde ikkje heilt upåverka. Dei fleste lamorda i den religiøse litteraturen blei trulig bare littærre ord. Kvardaðsmålet blir meir påverka av terminologien i handels- og arbeidslivet. På 1400-talet og framover dreiv mange tyskarar handel på Island, og med ein veldet økonomisk politikk på den tida blei all handel på Island monopolisert under eitt selskap.

På 1700-talet tar islandingar til å reise til Danmark for å lære seg handverk. Dei nye omgropa og dei nye varene som kom med denne kontakten med omverda, drog med seg gloser av dansk og tysk opphav. Og så lenge sentraladministrasjonen låg i København, var det heller ikkje til å

ungå at administrasjonsmålet og lovmalet på Island blei påverka av dansken.

I 1813 kom den danske målgranskaren Rasmus Rask på gjesting til Reykjavík. Da skrev han:

«Elles ... trur eg at det islandske nålet snart vil dø ut. Eg trur neppe at noen vil forstå islandsk i Reykjavík om 100 år, og neppe noen i heile landet 200 år deretter, om alt held fram slik det har gått til nå, og om det ikkje blir reist sterke mottiltak. Endatil hos dei beste menn er annakkart ord på dansk. Hos allmugen vil målet halde seg lengst.»

(Brev til Bjarni Thorsteinsson 30/8-1813)

Desse utsegnene var svært pessimistiske, men dei var også sterkt overdrivne. Reykjavík som så smitt var begynt å vekse fram som by på denne tida, var halvdansk. Men knotinga på dansk var avgrensa til hovudstaden, *dönskuleturnar* – dei danske glosene – var mest eit byfemonen. Dei vitnemåla ein har frå bygdemåla, t.d. eventyropskrifter, syner at språket der var svært reint og upåverka.

Striden for nasjonalt sjølvstende

Mens monopolhandelen rådde, var det bare utlendingar som styrte handelen, og dei flådde islandingane så godt dei kunne. Dei selde dyrt og betalte dårlig for dei varene islandingane eksporterte. Det blei tunge år for Island, og landet blei meir og meir utsvelta.

I siste delen av 1700-talet braut liberalismen og frihandelsfilosofien igjennom. Kapitalismen hadde nådd dei seigert der det var nødvendig med fri teving. Da monopolhandelen på Island blei avskipa frå 1. januar 1788, begynte ei ny tid for nasjonen. Den danske regjeringa prøvde ei tid til og med å hjelpe fram eit islandsk borgarskap, og den grunna seks kjepestader.

I første halvdelen av 1800-talet fanns det få sjølvstendige

islandske borgarar. Handelen var i hendene på nesten bare danskar, og islandingane dreiv oftest bare danske filialar. Men Jón Sigurðsson, den største sjølvstendekjempa i forre hundreåret, gikk i brodden for å få avskipa dei siste restriksjonane og handelssærrettane. Det lykkes i 1855, da blei all handel helt fri for alle. Nå stod islandingane sterke.

I 70- og 80-åra sprang det fram samvirkelag som arbeidde for å knekke det danske handelsovertaket. Det var bonder som på den måten synte politisk medvitt, og som kunne skape ein effektiv organisasjon. Kring 1900 var 80% av detaljhandelen i hendene på islandske kjøpmenn og kjøpsamlag. Grossisthandelen blei enda mest bare driven av utalandske firma.

Fiskeksporten og fiskefløyen eksploderte og sterkt i siste delen av 1800-talet, og det var kjøpmennene som investerte i dei nye båttypane. Voksteren i handelen og det kapitaliserte næringslivet kan vi t.d. sjå av folkeauken i Reykjavík. Hovudstaden vokste fra 300 innbyggjarar ikring 1800 (= 0,6% av heile folketaket, ca. 47 000) til 3 000 innbyggjarar i 1874, 6 682 i 1900 (= 8%) og 82 000 i 1973 (= 40,4% av heile folketaket, ca. 203 000).

Det islandske borgarskapet som fikk nasjonale økonomiske serinteresser, blei drivkraft i sjølvstendestriden for Island. Motstandaren var det danske eimeveldet, og den nasjonale sjølvstendestriden blei også knytt saman med krava om demokratiske rettar. Derved kunne det oppstå ein brei allianse mot danskstyret, og sjølvstendestriden kom til å engasjere store delar av folket.

Dei blei tidlig ei merkesak å etterreise det gamle Altinget. Det skjedde i 1845, men det fikk bare rådgivarfunksjon. Leiar for sjølvstendestriden i store delar av forre hundreåret var Jón Sigurðsson, som også var president i Altinget i lang tid. Han kom til å prege nye av kulturlivet på den tida, og han stridde ivrig for å skape eit islandsk kjøpmannskap. Striden mot den danske kongemakta blei lang og hard. Ein viktig måte å mobilisere folk på var å kalle saman til møte på Þingvellir, altingsstaden som da var smart 1000 år

gammal. Framover 1800-talet var det fleire slike møte. I 1874 skipa islandiske politikarar til ei 1000-årsstøgtid der til minne om landhamnet, og det samla seg fleire tusen frå heile landet.

Arrangementet var ein lekk i presset dei provde å legge på danskekongen for at han skulle gi dei ei grunnlov. Det fikk dei det året, med lovgivningsrett for Altinget. Men eiga regjering fikk ikkje Island for i 1904, og fullt sjølvstyre oppnådde dei først i 1918. Frå da av og fram til 1944 var islandingane i union med Danmark med felles konge og utanrikspolitikk. I 1944 erklærte landet seg som sjølvstendig republikk.

10. mai 1940 blei Island hærsett av England, og den islandske regjeringa godtek situasjonen for ikkje å bli offer for Tyskland. Året etter tok amerikanarane over for engelskmennene med lovnad om å dra seg ut når krigen var over.

I 1949 gikk Island med i Nato. Det blei da lovt at det aldri kom på tale med noen utenlandske hær eller base på Island i fredstid. I 1951 gikk likevel ei sentrum-hogre-regjering med på at amerikanarane fikk plassere ein base med *værnaríð* (== vernestyrkja) på Keflavík. Regjeringa viste til den spente situasjonen under Koreakrigen og gjorde vedtaket utan å kalte saman Altinget. Etter den tid har striden mot dette imperialismsymbolet vore ein sentral del av venstrepolitikken på Island.

Striden om å sikre fiskefelta rundt Island har vore retta først og fremst imot England og Vest-Tyskland, både Nato-medlemmer. Sosialistane har sett striden i samanheng med trugsmåla frå den vestlige imperialismen og Nato. Jamvel om dei tre torskestridane (1958–61, 1971–73 og 1975–76) har vore nytta ut i indrepolitisk partisrid, har dei styrkt samhaldet og forsterka medvitet om kor trugande og farlig presset er utafrå på det svake Island. Desse ytre trugsmåla, som har vart ved heilt fram til denne dag, har konna engasjere heile folket og samle det kring nasjonale verdiar. Denne over 150 år gamle sjølvstendestriden må vere med på å forklare dei fastrotte språkpolitiske holdningane blant islandingane.

Næringsliv og indre motsetningar

Det gamle islandske samfunnet var eit bondesamfunn, og fisket blei drive mest til eigen matauk bare. På 1800-talet er det lite og inkje industri i landet. Derimot fikk Reykjavík ein del handverkarar. Framvoksten av ein moderne arbeidarklasse kan vi seie kjem med den nye fiskefløten. For dreiv bøndene mest med opne robåtar, men i siste delen av 1800-talet, særleg etter 1870, gjor dekksbåtane sitt inntog, og det er mest kjøpmennene som eig dei. Mannskapet er eigedomslause fiskarar. Ein stor del av denne fiskefløten hørte heime i Reykjavík og Vestfjordane. Kjøpmennene stod òg for tilverking og eksport av kleppfisk. Fiske og fisketilverking var såleis første grunnlaget for arbeidar-klassen.

Island har aldri blitt noe industriland, men 1900-tals-samfunnet har likevel skapt mange nye yrkesgreiner som lever av å selje arbeidskrafta si. At Island var på veg inn i det moderne Vest-Europa, ser ein godt av mellomkrigs-historia. Islandingane fikk da merke sitt av dei internasjonale krisene med arbeidsløyse og klassekonfliktar. I desse åra blir det tak i den islandske arbeidarrorsla, som politisk sett får både eit sosialdemokratisk parti (*Afþýðufokkurnum*) og eit socialist/kommunistparti.

Etter andre verdskrigen har ikkje dei politiske motsetningane blitt mindre. Og landet har til tider hatt verdsrekord i streikar. Klasseskilnadene kan vere store liksom i andre vesteuropæiske land, men landet skill seg likevel ut med at sirkulasjonen mellom klassane er stor. Moderniseringa har gått så snøgt at borgarklassen ikkje har hatt tid til å skape seg sin klårt åtskilde borgarkultur. Derned vil heller ikkje motsetnadene i samfunnet te seg like klårt som i andre land. Eit uttrykk for det er t.d. at fagforsla i dag ikkje er knytt til arbeidspartia meir enn til andre parti. Under slike tilhøve er det òg vanskeligare å sjå kulturonfliktar.

Det islandske partibildet kan ein ikkje utan vidare samanlikne med vårt. På venstresida er *Afþýðubandalagið*

(= Folkealliansen) størst, det omfattar sosialistar og kommunistar. Det eldste klassepartiet er *Framsóknarflokkurinn* (= Framgangspartiet), som nest har tala bøndene si sak, og som har mye av utgangspunktet sitt i samvirkerorsla. Det har lenge vore nest største partiet og har den siste tida sete i regjeringa, stundom i samarbeid med Folkealliansen, stundom saman med det største partiet, høgrepartiet *Sjálfstæðisflokkurinn* (= Sjølvstendepartiet).

Opplysning på heimemålet

I siste halvdel av 1700-talet vann fysiotratismen fram i det danske kongeriket. Ein hovudtak dei var å auke den nasjonale rikdommen med å styrke særlig jordbruket, primærnæringa. Men til det måtte bondene få opplysning, og det blei skipa t.d. Landbrugsselskab i Danmark, Vitkapselskapet og Norges Vel her i landet. Islandingane følde med, og *Lærðomslistafélagið* blei skipa i 1780 i København. For opplysningsmennene der stod det klårt at islandske bønder måtte opplyses på islandsk folkmål. Lærðomslistafélagið gav ut ei mengd skrifter til allmugen med orientering om nye emne, som sjølvsagt trøng nye ord. I staden for å lāne ord utafrå leita lærdomsmennene etter tilfang i den gamle litteraturen og provde på den måten å skape utbytingsord. Derved skapte dei den særmeikte og sterke *nyyrðasíðfian* – nyordsrorsla. I lovene for laget står det strenge reglar om at hardomsskriftene ikkje skal spille det islandske språket ned utalandske ord. Tilhengarane såg ei stor oppgåve i å halde målet rent og fagert. Bare lānord som var lānta før 1400, kunne godtakas.

Denne rorsla henta òg noe inspirasjon frå den tidige romantikken som vokс fram i Tyskland. Den var først ei littær rorsle, men formidla òg den veksande nasjonale interessa som greip om seg i mange europeiske land.

Romantikken og den borgarlige nasjonalismen

Ideologien til det danske einveldet var at kongeriket var ein einskaps, alle var undersåtar i det danske riket. Denne einskapsstanken hadde òg sine lakeiar på Island. I 1770 sendte t.d. rektor Bjarni Jónsson i Skálholt eit brev til landsnemnda, eit administrasjonsorgan for Island, der han gir uttrykk for at islandingane nå bør følge folkeskikkene i andre land. Ettersom dei er under dansk styre, bør dei legge av både språket og dei særmerkte klestrakte. «Jeg anseer det ikke alene unyttigt men også desuden meget skadeligt, at man skal beholde det islandske Sprøg.»

Men desse få lakeiane blei einslige svuler. I staden for at Island blei oppslukt av det danske riket, tok nå den nasjonale politiske striden til å vinne fram blant islandingane.

Mens det nasjonale borgarskapet smått om senn kjempar seg fram, får også den nasjonale kulturen og det nasjonale språket ein klår politisk funksjon. I konflikta og tevlinga med utalandske interesser gav det nasjonale sinnelaget styrke og samhald. Derfor er det ikke tilfeldig at nasjonalromantikken grip så sterkt om seg i denne tida. Språkpolitisk gir den bor under vengene på språkreinsingsforsla og nyordsrorsla.

I forsininga av 1800-talet hadde Island mange intellektuelle som blei foregangsmenn i språkreinsingspolitiken. Somme av dei kom frå dei nye islandiske handelsfamiliane. I 1816 gikk fleire saman og skipa *Há íslenska bókmenntafélag*, eit litteraturselskap som ennå lever. Det kom nå ut flere opplysningskrifte, og det littærre livet voks. Igjennom all litteraturen fra 1800-talet går det igjen ein sterk hets mot danismane og dei som tykte det var fint å siå om seg med utalandske ord.

Hovudinnehaldet i nasjonalromantikken var å syne rotene bakover til ein gullalder og dra fram den kultur- og språk- arven som folket hadde skapt eller tatt varc på. Det urorte littær var det edlaste. Nasjonalromantikken hadde sin eigen filosofi, sine udiskutabla samningar og verdiar.

Utgangspunktet var at nasjonen, dei folkegruppene som har eitt sams språk, er den einaste naturlike politiske eininga. Samlivet i nasjonen har skapt ein særmerkt åndelig fellesskap, 'folkeånda', som ytrar seg gjennom språkket og folke- diktina. Det reynslene folket (nasjonen) har gjort seg fram gjennom historia, er meista ut i 'folkeånda' og lever dermed i språket.

Førstellinga om dette nære sambandet mellom ånd og språk ser vi t.d. i desse orda som språkgranskaren Rasmus Rask skreiv om det islandske språket:

«Det skal vere ei trost og glede for meg å lære dette målet og sjå av skriften på det korleis menneska for har tolvt motgang, og med djæv hug stått imot. Eg lærer ikkje islandsk for å få kjennskap til politikk, militær strategi eller slikt, men eg lærer islandsk for å kunne tenke som eit menneske, for å drive ut den audmjuke husmannsånda som oppseddinga har prenta inn i meg frå barnsbein av. Eg lærer islandsk for å glede hug og sjel slik at eg blir i stand til å gå uredd i farar, og slik at sjela mi heller vil seie farvel til lekamen enn endre eller gå frå det den har fått si fulle og faste overtyding om er sant og rett.»

Språket hadde sitt eige indre liv og si naturlige utvikling. Men det kunne komme til slikt som skipla den, nemlig lån og påverknad utafrå. Slikt *spillir* (= øydelegg, skjemmer) språket. Det som held seg, omtalar islendingane derimot med adjektivet *hellbrigður* (= sunn, helsesam). Det opphavlige var det beste, det innlånte måtte ut att. Derned var språkreinsingsideologien utforma. Og estetiske dogme og vurderingar innprenta dei same verdiane.

Det arkaiske språket og den gamle litteraturarven blei sjølv sagt eit sterkare og meir skinande symbol i den nasjonale oppreisingstida enn det noe anna folk kunne hente fram og pusse eiren av. Her låg eit mektig politisk våpen. Historia til Island frå frihandelsstida og fram til i dag har vore ein strid for nasjonale rettar, for sjølvstende og for å sikre livsgrunlaget sitt. I striden mot krefiene utafrå var det samhaldet og

fellesskapen som gav styrken; kultur- og språkarven gav islandingane kveik og byrgskap. «Språket vårt har vore den beste skolen folket vårt har ått,» hevdar ein islanding (Guðmundur Finnbogason: *Íslendingar* 1933 s. 114).

Purismen

Som vi alt har sett, har purismen røter langt attende på Island, og den politiske utviklinga på 1800- og 1900-talet har gjort denne språkpolitikken udiskutabel. Behovet har ikkje blitt mindre for å syne roter attover og for å ha eit konkret uttrykk for sitt nasjonale språkpreg.

I første halvdel av 1800-talet blei det gjort mye for å luke ut den utalandske skrivestilen, t.d. tysk og latinsk ordstilling. Det gamle målet i attesogene blei nå monster i så ster grad at Jón Árnason t.d., som stod for innsamlinga av eventyr og segner kring 1860, hadde vanskar med å godta alt han møtte i den folkelige stilten. Han såg seg noydd til å rette sott til det som var «betro». Det mest særmerkte ved islandsk språkpolitikk har vore det enorme arbeidet som er lagt ned i å skape nye ord for å ramnagi nye fenomen og til å byte ut ueheldige innlån.

Denne ordskapinga – *ordnöfði* – har skribentane i stor monn stått for gjennom skriften sine. Og gode ordframlegg har slått igjennom. Men i noen hove er politikken blitt institusjonalisert. I 1919 t.d. sette Ingeniørforeninga ned ei nemnd som gikk igjennom alle fagtermene innanfor sitt fag og laga utbytingsord. Sia har andre yrkesgrupper følgt etter. I 1964 blei det skipa ei offisiell språkremnd som skal samordne alt språkarbeidet.

Men språkreinsingsarbeidet ville aldri vunne slik fram om det måtte like bare på offisielle institusjonar og organisjonar. Store delar av folket er opplatt av desse språk-spørsmåla, og det er utrolig mange som kjem med framlegg til nyord. Somtid kan det verke som reine sporten, som når det vekkestade radioprogrammet om islandsk språk ber folk

komme med framlegg til nyord. I 1969 kom det t.d. 14 framlegg til eit islandsk ord for 'trim'. Og når dei nye orda så lett glir inn i språket, fortel det òg om ei særmerkt velyllig holdning.

Mange av nyorda er sjølv sagt omsettingar av dei tilsvarande utalandske, som t.d. *rømnagn* for elektrisitet (*raf* = rav, som på gresk kallas elektron, *magn* = kraft). Eller dei kan vere meir forklarande, som t.d. *stjørnudl* for politikk (*sjórn* = styring, *mál* = saker, emne, spørsmål). Men slike ord kan ofte bli länge og tunge, som t.d. da ein trong eit ord for jefly. Det blei først tala om *þrysilstofssflugvél* (= pressluftsflygmaskin), men snart kom ein på ordet *jota*, som er stutt og greitt. Det blei godtatt med ein gong av alle. Ordet var nytt, men alle forstod at det var knytt til verbet *þjóra* med partisippet *þotum*, som tyder 'å blåse' eller 'å fare snogt'. I andre tilfelle går ein til det norrøne målet for å hente tilfang. Da telefonen og telegrafen kom, provde ein seg òg med fleire omsettingar. Men da ein fann på å bruke eit glømt ord, *síni* (= trad), for fenomenet, gikk det raskt inn i målet.

Da neieria på Island skulle lansere den nye pappkartongemballasjen, kalla dei inn til pressekonferanse. Dei hadde da òg tenkt ut eit namn på den nye vara. Men ein av journalistane tykte det var ei lite slagferdig nemning og kom bratt på at ein kunne kalte emballasjen *mjólkurhyrna*, *hyrna* går på at kartongen er kantete. Da avisene kom ut neste dag, var det bare dette eine ordet som blei brukt, og mjølkekartongen har aldri hieid noe anna.

Ein løyndom bak den sterke ordlaggingsevna er at islandsk-en har så mange avleingsmåtar, og at språksystemet i seg sjølv er så konsekvent at samanhengen mellom orta er kår for alle. Språket er gjennomsiktig, som dei sjølve seier.

Men ikkje alle fremmende ord er ci forbanning. Dersom ordet er stutt og greitt, og det kan foye seg inn i islandsk lyd- og formsystem, kan det heller vere ein rikdom å få det inn. Språket treng nye ordstomnar òg. Ordet 'bil' har

islandsken godtatt, men i forma *bil*, slik at det rettar seg etter eit vanlig boyningsmonster for substantiv. Og ein jeep har fått namnet *jepi*, så hover det òg inn i målet.

Talemålsnormalisering

Språkhaldningane og språkideala har vore svært einsarta og svært inngrodde i heile folket på Island. Det arkaiske og einskaplige språket var den store byrgeskapen. Men det kunne irritere at royndommen ikkje heilt stemte med idelet på alle punkt, og det kom fram ønske om å rydde ut språkdrag som ikkje kunne reknas for godt og opphavlig mål.

Kring siste verdskrigen drog Björn Guðfinnsson rundt kring heile landet og gjorde den grundigaste dialektgranskingsa som noen gong er prestert på Island. Han intervjuja 10 000 personar, mest skoleungar. Formålet var å kartlegge kor utbreidd ymse uttalemåtar var, og granskingsa skulle danne grunlaget for ein omfattande plan om å rydde ut dei uttalevanane som ein mente var mindre gode. I så å seie alle tilfella galtdt det å få gjennomført den mest opphavlige uttalen, og den skulle gjennomføras over heile landet.

Normaleringa skulle skje gjennom skolane, gjennom radio og teater. Etter krigen la departementet fram eit forslag til normalering, der det peika på kva som var ueheldige uttale-måtar. Dette framlegget gikk vidare til ci universitetsnemnd som greidde å moderate det på mange punkt. Men etter det var ferdigbehandla, har det ikkje fått stort å seie.

Den uttalen som mest eintydig er blitt ferdigstilt, er det såkalla *fláinalli* (= gapande, slurvete uttale), som står i motsetnad til *réimellí* (= rett uttale). Det breidde seg ei tid svært snogt utover, helst i forre hundreåret og stod sterkt både aust og vest i landet, og dels på Nord-Island. Lydane *i* og *u* hadde her fått så open uttale at dei hadde falle saman med *e* og *ö*. Orda *víður* (= ved) og *veður* (= vær) var derfor blanda i hop, likeins *fugur* (= fluger) og *fjögur* (= flak).

Når nett fíamæli har fått eit så negativt stempel på seg, kan det komme av at det breidde seg først med fiskarane, dei fyrste proletarane, i ymse fiskevær. At fenomenet i dag fins på tre geografisk åtskilde område, kan òg tyde på at utbreiinga har skjedd slik. I dette hundreåret har skolane gjort sitt beste for å rydde ut denne ulykksalige «uttalefeilem», og i dag er det ikkje stort att av den takk vere ein samstemning hets.

I dag har denne normeringsiveren tatt sterkt av, og alle kan tale kvar med sin nebb. Alle kan bruke sin dialektuttale, den blir godtatt allstad. Einast i radio, fjernsyn og på teater legg ein vekt på god og rett uttale. Og ideala om godt og rett språk lever vidare, slik at mange legg seg etter eit *vandad mal* (= velpleidd språk). Det blir sett på som positivt, og det skaper vordnad.

Rettsskriving

Vi har vore inne på at ein kan bokstavere moderne islandsk og norrønt nesten likt. Det var på slutten av 1800-talet at ein skapte både den rettskrivningsnormalen ein bruker på attgivingar av norrøne tekstar, og den ein bruker på moderne islandsk. Det blei da viktig å få fram nettopp dei klare likskapane mellom det gamle og nye målet. Ei rettskrivingsendring i 1929 gikk ei steg lenger på den leia: dei norrøne lange 'ane (é) hadde ein for skrive etter uttalen: *je*, nå gikk ein tilbake til *é*.

I lange tider har det stått strid om ein skulle halde på skrivemåten med *z* for uttalen *s* i ord som står i samband med andre ord med *d*, *ð* eller *t*, t.d. *beztur* (til *betur*) og *íslensk* (til *Íslund*). Når uttalen her i dag er *s*, er det ikkje alltid lett å vite når ein skal skrive *s* og når *z*. Desfor har det vore lagt ned uendelig mye pugg og terp i skolane for å få elevane til å lære dette. Striden har vore hard, og den har rive med mange. I 1974 blei det vedtatt i Alltinget at ein skal kunne skrive *s* i alle deiorda som før hadde *z*.

Trulig har demed z'en fått dödsstøtet. Men den har framleis

sine trugne tilhengrar som har reist saka på ny og vil gjøre om att vedtaket. Dei ser på det som et språklig forfall at ein ikkje lenger skal gjøre denne skilnaden i språket som syner opphavet til orda.

I uttalen skil ein ikkje lenger mellom *i* og *y*, *i* og *j*, *ei* og *ey* i islandsk. Det har òg vore framme forslag om å fjerne dette skiljet i skrift etter som det ikkje fins i talenålet. Men av di ein da ville få ei mengd tilfelle der ulike ord hadde same skrivemåte, har isendingane vore nokså samstemmige om å halde på den gamle skrivemåten her. Men det blir lagt ned mye arbeid i skolane for å få innovert dette skiljet òg. B. M. Olsen fann i si tid ut at 20% av språkela i skolearbeida galtd feilskriving av *i* og *y*, *i* og *j*, *ei* og *ey*.

Til hjelp i opplæringa bruker ein reglar som går på å synne sambanhengen med andre ord i språket, t.d. at [*hlítur*] må skrivas ned *ý* om det kjem av *hljóta* (= lyte), men med *i* om det kjem av *hlíta* (= lite), og at [*dreimá*] (= drømme) må skrivas med *ey* fordi det er i slekt med *dráumur* (= drom). Desse pedagogiske reglane gir dermed eleverne sauntidig og svært god innsikt i korleis språket er oppbygd.

Følgjene av språkpolitikken

Den islandiske språkpolitikken er på mange måtar svært demokratisk. Språkidelet hentar ein ikkje hos akademikaren eller overklassen i Reykjavík. Bondemålet er idealset, og det må professoren og direktøren legge seg etter om dei vil bruke språket til å skape seg vordnad.

Den sterke purismen gjor og at alle menneske lett kan forstå innhaldet i dei nye omgropa, og avstanden mellom fagspråk og folkemål blir ikkje så stor. Fagspråket er lettare gjennomsiktig. Det blir desfor ikkje så leit for eksperter og politikarar å utøve makt med sine og mystiske utlandske ord. Ein aman positiv verknad vi òg må nemne, er at når dei puristiske krava står så sterkt, er det ikkje lett å bruke

fine utlandske ord for å marknadsføre nye varer. Ein kan ikkje bruke engelsk for å selje betre.

Men den språkfistanden vi her har skisert opp, er eit idealbilde som treng noen etterhald. Det arkaiske språkidealet har skapt vise skilnader på skrift og tale. Purismen har skapt ein del ord som bare har fått plass i skriftmålet. Ordet *dráttarvél* har vunne plass i skrift, men folk vil dra på smilen om ein bruker det i talen. Da skal ein heller sei *traktor*. Ei nemnd gikk i si tid igjennom alle termene i fiskarfaget og laga islandske utbytingsord for alle dei innlånte glosene. Desse islandskeorda rår i skrift, også innanfor faget. Men fiskarane bruker dei tradisjonelle innlånte glosene når dei talar seg imellom.

I islandsk dagligale, både hos hog og låg, finns ein del ord innlånta frå dansk, *danskuslettur*. Det gield t.d. *kúnni* (= kunde) for *virkjipavinnur*, *póllí* for *lögregla*, *skaffa* for *ínvega* og *passa sig* for *gata sín*. Særlig i Reykjavík kan ein òg tale om ein del slangord som er hanté frå engelsk, og som sjølv sagt ikkje kan brukas i skrift. Det gield t.d. *pretty* (= eng. pretty), *reddý* (= ready), *smók* (= smoke) og *morningur* (= money).

Den såkalla dativsykja rår vidt og ser ut til å vere akseptert som talemål også av dei intellektuelle som eigentlig veit at dette er rekna for galen islandsk. Det er her tale om å bruke dativ i ein del uttrykk der skriftradisjonen krev akkusativ. Mange seier derfor *mér langar* og *mér vantar* i staden for *miг langar* og *miг vantar* (= 'eg har hug på' og 'eg manglar').

Dei islandske boylingsmønstra er mange og ofte svært innflokke. I noen tilfelle fins det derfor dome på at talemålet har prøvd å forenkla systemet. Det har såleis t.d. vore utbreidd i talemålet å boyce ord som *hellir* (= heller) på same måten som dei fleste hankjonsorda: t.d. med å legge til -ar i nominativ: *hellirar*, slik som *bátar*. Men skrift-målet har bare godtatt den norrøne boyinga: *hellir-hellar*, og den er på god veg inn att i talemålet.

Dei arkaiske språkidealene har også fått mange til å sky yngre

konstruksjonar, slik som: *had er biðd að byggja húsið* i staden for det eldre: *húsið er byggt* (= 'huset er bygd ferdig'). Denne nye konstruksjonen med *vera biðd að kom* opp først på 1500-talet og har aftså ikkje vunne seg skikkeleg hevd ennå i skriftmålet.

Resultatet av det puristiske og arkaiske språkmønsteret blir ein stor stilskilnad på skrift og tale. Ein nasjon med ein samanhengande 900 år gammal skriftradiojon får ei stor stilistisk spennvidd, både i ordtilfang, ordtak og i faste uttrykk og vendingar. I skrift bør både ordval og ordfølgje vere gammalvorne for å bli rekna for god stil. Det same legg ein seg etter i høgfjeldig tale. Men i kvardagslige samtalar ville desse uttrykksmåltane verke latterlige. Slike stilskilnader gjør sjølv sagt at skriftmålet blir vanskeligare å meistre enn om skriftnålsidealet var dagligalen. Bare med ei sto stil-kjensle og med grundig øving og oppleveling kan ein bli ein god skribent.

Ei følge av språkidealala på Island blir at den mestespråkgranskninga er innretta på språkhistoria. Talet målsgranskning og språksosiologi finns det lite og ingenting av.

Massekultur og skriftnål

Kulturlivet på Island har alltid vore svært aktivt, og det har følgt med i internasjonal utvikling. Nordens eldste tidsskrift, *Skírnir* (starta 1827), kjem ut i Reykjavík. Fast teater fikk landet i 1897, eige universitet i 1911. Radioen kom i mellomkrigstida, likevels kinokulturen. Og etter krigen har landet fått fjernsynssendingar. Bokproduksjonen er gammal, og i forhold til folketallet er den den største i verda. Det same gjeld avislesinga.

Island vil vere på høgd med samtidia, samstundes som det vil vere seg sjølv. Derfor følger det med i popkulturen, men det har t.d. aldri vore så vanlig at islandske band syng engelske tekstar, slik vi kjenner til ifra Norge. Men den moderne massekulturen gir store utfordringar til ein så liten

nasjon med bare 200 000 innbyggjarar. Det krev sterkt vilje og store investeringar til å stå imot. Fjernsynssendingane frå den amerikanske basen på Kéflavík blei for ei tid sia sett på som ein stor fare. Den sette fart i utbygginga av eit nasjonalt fjernsyn, og den amerikanske sendaren har nattu av grense sendefekten sin, slik at den ikkje når ut over landet.

Nasjonale kulturspråkmål skaper alltid stor interesse på Island. Dei fleste diktarane har vel laga eit hyllingsdikt til morsmålet ein gong t.d., og det låg utrolig engasjement bak kravet om å «få heim att» dei gamle handskriftene som låg i boksamlingar i Kobenhavn. Da dette prestisjespråkmålet var loyst, og dei første handskrifene kom til Reykjavík i 1971, var det høgtid og skolefri i byen.

Den offisielle språkpolitikken er vanlig akseptert i dag òg. Men den moderne kulturutviklinga har skapt motsetningar også på dette feltet. Kanskje mest blant dei unge i Reykjavík har det komme ei språklig liksesle, dei legg ikkje vekt på å *wanda* (= stelle) språket sitt så godt som dei eldre heilte ville. Språket deires blir kalla *skrifnátl* (= språket til dei ukultiverte), og ein kan sjå det omtala svært foraktelig, næraast som utrykk for manglande åndelige interesser: «Det er derfor viktig at dei som vil hevde seg åndelig, ikkje lar dei uforstandige forme språket sitt og dermed tanken.» (Halldór Halldórssen i *þættir um íslenskt mál*, s. 157.) Ein god del av den populære litteraturen, kriminalbøker o.a., som er omsett, kjem ut i eit dårlig språk. Både litteraturen og språkföringa skaper irritasjon og blir sedde på som ei kulturell forsimpling.

I avisinlegg kjem det ofte klager over denne språklige liksesla. Gjennomgangstemaet er at islandingane står i fare for å miste særmerka sine og for å miste sambandet med den norrøne litteraturen. Ei popspalte i avisas *Dýðvillian* som blei utsett for eit slikt åtak, svarar med at den ikkje er interessert i at morsmålet skal vere eit gullaldermål som kan vere som ein museumsgjenstand: «Skal ein kunne bruke språket til å skildre og forstå populmusikken, må ein bruke eit levande språk.»

Oppsummering

Den islandske språkpolitikken har sine politiske føresetnader i trøgen til samhald og sjølvheving. Språkpolitikken har hatt sine sterkt demokratiske verknader, men den har også vore så streng at den har skapt ein del motsetningar. Meir av det slaget kan dukke opp om dei ytre trugsmåla ein dag forsvinn.

Hittil har det vore vanskelig å peike på noe samsvar mellom språkbruken og klasseskilja. Lagdelinga har heller ikke vore så klar av di by- og industrisamfunnet er nytt, og omna er det stor sirkulasjon mellom klassane. Men dei språklige motsetningane som finns, dei ulike variantane av islandskan, kan bli utnytta i eit moderne lagdelt samfunn. Kanskje er skrifnátl i motsetning til 'rett og godt' islandsk ei byrfjing?

Det er den strenge purismen som særpregar islandsk, og som skaper denne språklige motsetninga. Dei moderne samfunnstilhova og den politiske situasjonen gir trulig ikke dei same vilkåra lengre for ei brei oppslutning om den tradisjonelle språkpolitikken. Mange språkvitskapmenn har sett dette og talar klok om varsemd.

Politisk kan ein summa opp situasjonen i dag slik at venstrekrifene stor den offisielle språkpolitikken og ønskjer eit særmerkt islandsk språk med roter bakover for å kunne få fram motsetninga til og farene fra imperialismen. Dei konsernative vil ikkje vere mindre nasjonale, og dei ønskjer ikkje å reise ein kulturstrid som kunne avdekke sosiale motsetningar.

Litteraturliste

- Heinn Benediktsson: « Icelandic Dialectology. Methods and Results» i *Íslensk tunga III*, Reykjavík 1961-62.
- Halldór Halldórssen: *þættir um íslenskt mál*, Reykjavík 1964.
- Ulrich Groenke: «On standard, substandard and slang in Icelandic» i *Scandinavian Studies* 1966.
- Ivar Örland: *Ísländske gullalderdikt 1860-1930*, Oslo 1976.
- Heimir Dotleffsson: *Fra einveldi til löveldi*, Reykjavík 1973.